



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 42 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet for 2009 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet av 13. november 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda, samt inntektene under folketrygda for 2009.

Dei reviderte overslaga for folketrygdas utgifter og inntekter i 2009 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap per 30. september 2009. Berekningsgruppa for folketrygda gjer anslag for regelstyrte ordningar under Arbeids- og inkluderingsdepartementet sine programområde 09, 29 og 33, programområde 30 Helsevern, folketrygda under Helse- og omsorgsdepartementet, kontantstøtte, barnetrygd, fødselspengar og adopsjonspengar under Barne- og likestillingsdepartementet. Gruppa har sett på overslaga i møte 22. oktober

2009. Forslag til endringar i løyvingar som vedkjem Arbeids- og inkluderingsdepartementet sine område, er med mindre avrundingar m.m. basert på overslag i Berekningsgruppa for folketrygda. Dei andre departementa fremmar eventuelle forslag om endringar i sine proposisjonar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fremmar forslag om å redusere løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål med 227,4 mill. kroner, å auke løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 3 550 mill. kroner og å redusere løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv med 450 mill. kroner. Samla gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om at løyvingane under utgiftskapitla blir auka med i overkant av 2 872,5 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga for inntekter under inntektskapitla med om lag 173,3 mill. kroner.

Kap. 605, 634, 635, 643, 646, 651, 653, 660, 664, 666, 667, 690, 2541, 2542, 2620,
2650, 2652, 2653, 2655, 2661, 2670, 2680, 2686, 2690, 3634, 3635, 3651, 3653,
3690, 5701, 5704, 5705

2 Forslag under dei enkelte kapitla

Kap. 604 NAV-reform og pensjonsreform

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
45	Større utstyrscaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	762 928	1 067 336	1 067 336	-

Post 45 Større utstyrscaffingar og vedlikehald

Løyvinga for 2009 er 1 067,3 mill. kroner.

Under kap. 604 NAV-reform og pensjonsreform er det for dei tre siste åra ført til saman 150 mill. kroner til risikoavsetjing for IKT Basis, som gjeld etablering av infrastruktur på dei nye NAV-kon-

tora. Det er usikkert hvor stort behov det vil være for å nytte risikoavsetjinga for IKT Basis, og dette blir ikkje endeleg avklart før i 2010 som følgje av at nokre NAV-kontor ikkje blir etablert i 2009.

På denne bakgrunn settes ikkje løyvinga ned nå, men midla vil bli vurdert overført til 2010.

Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter	8 853 844	9 111 673	9 099 155	-12 518
21	Særskilde driftsutgifter	48 005	30 516	24 379	-6 137
70	Tilskot til helse- og rehabiliterings- tenester for sjukemeldte, <i>kan overførast</i>	174 896	216 550	240 150	+23 600
Sum endringar					+4 945

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2009 er 9 111,7 mill. kroner.

Forvaltningsansvaret for helserefusjonar blei overført frå Arbeids- og velferdsetaten til Helsedirektoratet 1. januar 2009. Arbeids- og velferdsetaten utfører i ein overgangsperiode oppgåver for Helsedirektoratet på området, mellom anna arbeid med ulike refusjonar og manuelle frikort for enkeltpersonar. I 2009 må det gjerast naudsynte endringar i løyvingar på områda til Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet.

Ein del av endringane gjeldar overførsel av årsverk frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet til Helsedepartementet. I den forbindelse vil Arbeids- og inkluderingsdepartementet overføre eit mindre beløp til Fornyings- og administrasjonsdepartementet for dekning av auka pensjonspremie i Helse- og omsorgsdepartementet.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 01 med 12,5 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga for 2009 er 30,5 mill. kroner.

Det er opphavlig avsett midlar til metodeutviklingsprosjekt innanfor arbeidsretta rehabilitering i 2009 under kap. 605, post 21. For at Arbeids- og velferdsetaten skal kunne følgje opp tiltaksmidlane gjennom sitt datasystem, er det naudsynt at 5,49 mill. kroner blir ført på kap. 634 Arbeidsmarknads-tiltak, post 76 Tiltak for arbeidssøkjjarar. Driftsmidlar til prosjektet blir framleis ført på kap. 605, post 21.

Det er i tillegg venta eit lite mindreforbruk på posten for 2009.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 21 med 6,1 mill. kroner

Post 70 Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemeldte, *kan overførast*

Løyvinga for 2009 er 216,6 mill. kroner.

Ansvar for IA-midlar til kjøp av helsetenester for å motverke lettare psykiske og samansette lidningar blei overført frå Helse- og omsorgsdepartementet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet 1. januar 2009. I 2008 blei det utbetalt 23,6 mill. kroner mindre enn det som var sett av til formålet under kap. 726 Habilitering, rehabilite-

ring og tiltak for rusmiddelavhengige, Post 71 Kjøp av opptrening og helsetenester.

Mindreforbruket frå 2008 er overført til 2009 på kap. 726, post 71. Det er difor naudsynt å overføre

eit tilsvarende beløp frå løyvinga i inneverande år på kap. 726, post 71 til kap. 605, post 70.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 70 med 23,6 mill. kroner

Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Evaluering, utviklingstiltak m.v, <i>kan overførast.</i>	15 514	64 250	72 250	+8 000
76	Tiltak for arbeidssøkjarar, <i>kan overførast</i>	5 154 636	6 912 520	6 749 010	-163 510
Sum endringar					-155 510

Post 21 Evaluering, utviklingstiltak m.v., kan overførast

Løyvinga for 2009 er 64,3 mill. kroner.

På grunn av auka søknadar i 2009 er det naudsynt å styrke ordningane med funksjonsassistent og arbeids- og utdanningsreiser.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 21 med 8 mill. kroner.

Post 76 Tiltak for arbeidssøkjarar, kan overførast

Løyvinga for 2009 er 6 912,5 mill. kroner.

Planlagt nivå for arbeidsmarknadstiltaka i 2009 er 75 000 plassar i gjennomsnitt på årsbasis. Så langt i 2009 er det sett i verk om lag 5 000 færre plassar enn planlagt. Lågare gjennomføring enn planlagt har mellom anna samanheng med lågare behov for utdanningstiltaket enn venta. Utdanning som arbeidsmarknadstiltak blei frå 2009 rammefinansiert under kap. 634, post 76, medan utdanning i tidlegare år har vore finansiert over ei overslagsløyving. Ein hadde difor noko dårleg grunnlag for å berekne tiltaksnivået knytt til utdanning under kap. 634. Rønsla i 2009 syner at behovet for utdanningstiltaket er noko lågare enn antatt, medan andre arbeidsmarknadstiltak har utgjort ein større del av den samla tiltaksgjennomføringa enn føresett.

Gjennomsnittleg månadspris for arbeidsmarknadstiltaka samla sett er betydelig høgare enn

månadsprisen for utdanning. Gjennomsnittleg månadspris for alle tiltaka blir difor høgare enn føresett i opphavleg budsjett for 2009. Som følgje av endra føresetnader om gjennomføring av arbeidsmarknadstiltak og gjennomsnittlege tiltaksprisar er det eit mindreforbruk på posten på om lag 209 mill. kroner.

Gjennomføring av færre arbeidsmarknadstiltak enn planlagt må og sjåast i samanheng med stort arbeidspress i Arbeids- og velferdsetaten mellom anna knytt til arbeid med søknader om ulike typar stønader. Arbeids- og velferdsetaten har vidare store utfordringar knytt til oppfølging av brukarar med nedsett arbeidsevne som er i ein kartleggingsfase for å få avklart behovet for eventuelle tiltak. Det vil ikkje være mogleg å hente inn avviket mellom planlagt og faktisk tiltaksnivå i 2009.

Det vil i 2009 vere behov for å nytte omdisponeringsfullmakta på 40 mill. kroner for å styrke Arbeids- og velferdsetatens løyving til drift, kap. 605, post 01.

Midlar til metodeutviklingsprosjekt innanfor arbeidsretta rehabilitering på 5,49 mill. kroner blir foreslått overført til kap. 634, post 76 frå kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten, post 21 Særskilde driftsutgifter, jf. omtale under kap. 605, post 21.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 76 med 163,5 mill. kroner.

Kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
85	Innfordring av feilutbetaling, arbeidsmarknadstiltak	1 906	1 000	2 000	+1 000

Post 85 Innfordring av feilutbetaling, arbeidsmarknadstiltak

Løyvinga for 2009 er 1 mill. kroner.

Inntekter under denne posten er innfordring av feilutbetalingar til tiltaksarrangørar og enkelte tiltaksdeltakarar.

Det er løyvd 1 mill. kroner under post 85 i 2009. Utviklinga så langt i 2009 tilseier at inntektene totalt vil vere 2 mill. kroner i 2009, det vil seie ein auke på 1 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvinga under post 85 blir auka med 1 mill. kroner til 2 mill. kroner.

Kap. 635 Venteløn

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Venteløn, <i>overslagsløyving</i>	282 983	248 000	240 000	-8 000

Post 01 Venteløn, overslagsløyving

Løyvinga for 2009 er 248 mill. kroner.

Utviklinga så langt i 2009 tilseier at utgiftene til venteløn i 2009 vil vere 240 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på 8 mill. kroner samanlikna med

gjeldande løyving for 2009, som blei vedtatt i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2009.

På bakgrunn av oppdaterte berekningar for 2009 gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å setje ned løyvinga under post 01 med 8 mill. kroner til 240 mill. kroner i 2009.

Kap. 3635 Venteløn

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
85	Innfordra feilutbetaling av venteløn	3 789	3 200	800	-2 400

Post 85 Innfordra feilutbetaling av venteløn

Løyvinga for 2009 er 3,2 mill. kroner.

NAV Innkrevjing står for innfordring av feilutbetalingar av venteløn. Arbeids- og velferdsdirek-

toratet ventar no ei samla innkrevjing på om lag 800 000 kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga under post 85 med 2,4 mill. kroner til 800 000 kroner i 2009.

Kap. 643 Statens arbeidsmiljøinstitutt

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift(+) Mindreutgift (-)
50	Statstilskot	88 000	91 500	93 000	+1 500

Post 50 Statstilskot

Løyvinga for 2009 er 91,5 mill. kroner.

Det syner naudsynt å auke tilskotet til Statens Arbeidsmiljøinstitutt i 2009 som følgje av nokre uventa kostnader.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvinga under post 50 blir auka med 1,5 mill. kroner i 2009.

Kap. 646 Pionerdykkarar i Nordsjøen

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskot til Pionerdykkarane i Nord- sjøen, <i>overslagsløyving</i>	26 739	10 000	47 000	+37 000
72	Tilskot, <i>kan overførast</i>	4 600	2 800	3 100	+300
Sum endringar					+37 300

Post 70 Tilskot til Pionerdykkarane i Nordsjøen, overslagsløyving

Løyvinga for 2009 er 10 mill. kroner.

Løyvinga på posten er på 10 mill. kroner for 2009. Bakgrunnen for løyvinga var at det pr. august 2008 var om lag 24 søknader om kompensasjon som ikkje var handsama. Desse var innkomne etter fristen, som var satt til 1. juli 2006, og det var forventet at berre eit mindretal av desse ville bli innvilga. Det blei også antatt at halvparten ville bli handsama i 2008 og resten i 2009.

I januar 2009 gjensto 14 av dei 24 sakene. I tillegg kom fire saker som tidlegare var avslått og ca. ni søknader om tilleggskompensasjon fordi uføregraden var auka. Samla sett er det i 2009 innvilga ti ordinære søknader om kompensasjon, det er gitt tilleggskompensasjon til ni søkjarar og fire søknader som tidlegare er avslått er innvilga kompensasjon.

Pr. september 2009 er alle søknader handsama, og anslag basert på vedtak mottatt frå Nemnd for

pionerdykkere tilseier at dei samla utbetalingane for 2009 vil bli om lag 47 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet føreslår på denne bakgrunnen at løyvinga under post 70 blir auka med 37 mill. kroner.

Post 72 Tilskot, kan overførast

Løyvinga for 2009 er 2,8 mill. kroner.

Posten dekkjer tilskot til Stiftelsen Kontakttelefonen for pionerdykkere. Stiftelsen drifter ein kontakttelefon for tidlegare nordsjødykkarar. Stiftelsen har vidare knytta til seg relevant kompetanse på gjeldsrådgjeving og anna rådgjeving for å kunne hjelpe nordsjødykkarane som er i ein vanskelig situasjon og deira pårørande. Dykkarkontakten har difor behov for ytterlegare midlar i år.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvinga under post 72 blir auka med 300 000 kroner som delvis kompensasjon for auka utgifter for kontakttelefonen i 2009.

Kap. 651 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Særskilde driftsutgifter, kunnskapsutvikling, integrering og mangfald, <i>kan overførast</i>	31 592	19 000	19 500	+500
60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i>	2 800 751	3 348 361	3 307 489	-40 872
71	Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd	43 352	50 725	50 225	-500
Sum endringar					-40 872

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kunnskapsutvikling, integrering og mangfald, kan overførast

Løyvinga for 2009 er 19 mill. kroner.

Løyvinga skal dekkje utgifter til kunnskapsutvikling og kunnskapsformidling på integrerings- og inkluderingsområdet.

I samband med tiltak 23 i Handlingsplan mot tvangsekteskap blir det gjennomført eit treårig

pilotprosjekt i Drammen kommune. 500 000 kroner til dette prosjektet blir foreslått overført frå kap. 651, post 71.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 21 med 500 000 kroner mot å redusere løyvinga tilsvarende under post 71.

Post 60 Integreringstilskot, kan overførast

Løyvinga er 3 348,4 mill. kroner i 2009.

Integreringstilskotet skal dekkje dei gjennomsnittlege utgiftene kommunane har ved busetjing og integrering av flyktningar i busetjingsåret og dei neste fire åra. Tilskotet skal medverke til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktivt busetjings- og integreringsarbeid.

Løyvinga som ble gitt i samband med Revidert nasjonalbudsjett er basert på at det blir busett 6 600 personar i 2009 (frå mottak og overføringsflyktningar). I tillegg er det lagt til grunn at kommunane tek i mot 1 650 familiesameinte. Talet på busette er venta å bli 6 000 personar. Talet på familiesameinte er framleis venta å bli 1 650. Dette er hovudårsaka til at løyvinga er venta å bli redusert i 2009.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 60 med 40,872 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd

Løyvinga for 2009 er 50,7 mill. kroner.

Løyvinga kan nyttast til tilskot retta mot innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd.

Det er eit mindrebehov til støtte til frivillige organisasjonar som driv førebyggjande og haldningsskapande arbeid mot tvangsekteskap. Det blir foreslått at mindreforbruket på 500 000 kroner blir nytta til eit prosjekt under tiltak 23 i Handlingsplan mot tvangsekteskap, sjå omtale under kap. 651, post 21.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 71 med 500 000 kroner mot å auke løyvinga tilsvarende under post 21.

Kap. 3651 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter	64 585	71 170	71 767	+597

Post 01 Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter

Løyvinga er 71,2 mill. kroner i 2009.

Nokre utgifter knytte til busetjing av overføringsflyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). Posten blei auka i samband med Revidert nasjonalbud-

sjett som følgje av auka i integreringstilskotet. Ved ein inkurie blei posten auka med eit for lågt beløp i samband med Revidert nasjonalbudsjett.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 01 med 597 000 kroner.

Kap. 653 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar		1 527 460	1 512 340	-15 120
70	Norskprøver for vaksne innvandrarar		14 000	11 027	-2 973
	Sum endringar				-18 173

Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Løyvinga er 1 527,5 mill. kroner i 2009.

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap skal sikre at kommunane tilbyr opplæring til vaksne innvandrarar med rett og plikt eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Målet er

at den enkelte lærer tilstrekkelig norsk til å fungere i yrkes- og samfunnslivet i løpet av dei fyrste fem åra i landet.

Løyvinga i vedteke budsjett for 2009 er basert på at 12 700 personar er i målgruppa for opplæring i norsk og samfunnskunnskap i 2009 og vil utløyse førsteårs tilskot. Talet på personar i målgruppa

som vil utløyse førsteårs tilskot er no venta å bli om lag 12 000 personar. I tillegg blir fleire tilskot utbetalt året etter ein person trer inn i målgruppa. Talet på personar i målgruppa som vil utløyse andreårs tilskot er redusert frå 11 200 personar til 9 400 personar. Dette er hovudårsaka til at utgiftene er venta å bli redusert i 2009.

Talet på asylsøkjjarar som kjem inn under ordninga for opplæring i norsk i mottak er høgare enn det som blei lagt til grunn for saldert budsjett for 2009. Utgifter til dette tiltaket aukar.

Samla er det venta ein reduksjon i behovet for løyving på posten.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 60 med 15,12 mill. kroner.

Post 70 Norskprøver for vaksne innvandrarak

Løyvinga for 2009 er 14 mill. kroner.

Løyvinga skal dekkje utgifter til gjennomføring av norskprøver for vaksne innvandrarak, og behovet er no venta å bli lågare enn føresett i 2009.

Årsaka er mellom anna at delen som utgjer statleg finansierte prøvar går ned og at rekneskapen hittil i år syner at dei variable kostnadene i samband med prøvene er lågare enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 2,973 mill. kroner.

Kap. 3653 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter		136 683	142 884	+6 201

Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Løyvinga er 136,7 mill. kroner i 2009.

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). 90 pst. av utgiftene til norskopplæring i mottak blir rekna

som ODA-godkjende utgifter. Ein auke i talet på asylsøkjjarar som kjem inn under ordninga for opplæring i norsk i mottak fører til ein auke i utgifter til opplæring og ein auke i ODA-godkjende utgifter.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 01 med 6,201 mill. kroner.

Kap. 660 Krigspensjon

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskot, militære, <i>overslagsløyving</i>	218 343	195 000	200 000	+5 000
71	Tilskot, sivile, <i>overslagsløyving</i>	522 579	497 600	475 000	-22 600
Sum endringar					-17 600

Post 70 Tilskot, militære, overslagsløyving

Løyvinga for 2009 er 195 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på militære krigspensjonistar og gjennomsnittleg yting blir litt høgare enn venta.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på post 70 med 5 mill. kroner.

Post 71 Tilskot, sivile, overslagsløyving

Løyvinga for 2009 er 497,6 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på sivile krigspensjonistar blir noko lågare enn tidlegare venta.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på post 71 med 22,6 mill. kroner.

Kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskot	602 000	602 000	299 000	-303 000

Post 70 Tilskot

Løyvinga for 2009 er 602 mill. kroner.

Tilskotet til Pensjonstrygda for sjømenn skal dekkje delar av betalingane til pensjon etter trygdelova for pensjon for sjømenn § 15 og underskot i pensjonstrygda etter at fondet til regulering er brukt opp. Ein ventar no at utgiftene blir 303 mill. kroner lågare enn lagt til grunn for løyvinga i 2009.

Hovudforklaringa på mindreforbruket er at omlagde betalingsrutinar i Arbeids- og velferdsetaten påverkar pensjonsutbetalingane frå Pensjonstrygda for sjømenn i 2009. Pensjonstrygda for sjømenn betaler ut sjømannspensjonane gjennom NAV-kontora, og Pensjonstrygda for sjømenn skal

kvar månad refundere Arbeids- og velferdsetaten den summen som er betalt ut. Omlegginga av rutinane i Arbeids- og velferdsetaten har ført til at refusjonar som i tidlegare budsjettoverslag var føresett betalte i november og desember 2009, blir skovne ut til 2010. Anslaga for pensjonsutgifter er reduserte med 248 mill. kroner på grunnlag av forskyvinga. I tillegg førar også redusert kravinngang til lågare pensjonsutgifter. Høgare sysselsetjing i skipsfarta fører til auke i inntekta, og gjev også grunnlag for å redusere utgiftene på posten.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på post 70 med 303 mill. kroner.

Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskot	1 122 355	1 290 400	1 295 000	+4 600

Post 70 Tilskot

Løyvinga for 2009 er på 1 290,4 mill. kroner.

Ein reknar med at gjennomsnittleg yting vil bli litt lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga, medan talet på AFP-pensjonistar i snitt i 2009 blir noko høgare enn tidlegare forventa. Samla sett

reknar ein med at utgiftene blir høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på post 70 med 4,6 mill. kroner.

Kap 667 Supplerande stønad

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	267 133	310 000	340 000	+30 000

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Løyvinga for 2009 er på 310 mill. kroner.

Rekneskapstala for 2008 blei litt høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga. Talet på mottakarar ser også ut til å bli noko høgare enn venta. Gjennomsnittleg yting ser ut til å bli litt lågare enn

tidlegare forventa. Samla sett reknar ein med at utgiftene blir høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på post 70 med 30 mill. kroner.

Kap. 690 Utlendingsdirektoratet

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Særskilde driftsutgifter, statlege mottak	1 376 649	2 338 568	2 565 812	+227 244
60	Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjjarar og flyktningar		158 369	175 456	+17 087
75	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast	9 257	12 300	5 283	-7 017
	Sum endringar				+237 314

Post 21 Særskilde driftsutgifter, statlege mottak

Løyvinga for 2009 er på 2 338,6 mill. kroner.

Løyvinga på posten skal dekkje staten sine utgifter til drift av statlege mottak for asylsøkjjarar og flyktningar. Behovet for løyving er avhengig av kor mange personar det er som bur i mottak. Dette henger saman med kor mange som søker asyl, sakshandsamingstida i asylsaker, talet på løyve og avslag, busetjingstakten, uttransporteringar og kor mange som reiser frå mottaka på eiga hand.

Gjeldande løyving på posten er 2 338,6 mill. kroner, basert på eit gjennomsnittleg mottaksbelegg på 15 200, jf. St.prp. nr. 67 (2008-2009). Årsaka er i hovudsak at 2 500 fleire søker asyl samstundes med at 600 færre blir busett, samanlikna med gjeldande budsjett. Oppdaterte prognoser tilseier at gjennomsnittleg belegg i mottak ventas å auke til 17 200 i 2009.

På bakgrunn av dette gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å auke løyvinga under post 21 Særskilde driftsutgifter, statlege mottak med 227,244 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjjarar og flyktningar

Gjeldande løyving på posten er 158,4 mill. kroner.

Som omtalt under post 21 er behovet for mottaksplassar i 2009 høgare enn tidligare lagt til grunn. Talet på kommunar med asylmottak som det skal utbetalas vertskommunetilskot til i 2009 ventas å auke. Meirutgiftene som følgje av dette blir anslått til om lag 17,1 mill. kroner. Dette inkluderar 400 000 kroner meir til vergeordninga for einslege asylsøkjjarar. Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 60 Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjjarar og flyktningar med 17,087 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast

Gjeldande løyving på posten er 12,3 mill. kroner.

Ubrukt løyving på 7,2 mill. kroner i 2008 blei overført til 2009. Talet på reisande er om lag 200 fleire enn tidlegare venta, og utgiftene vil bli om lag 12,5 mill. kroner i 2009. Sidan disponible midlar på posten i 2009 er høgare enn behovet for løyving, gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å nedsetje løyvinga under post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet med 7,017 mill. kroner.

Kap. 3690 Utlendingsdirektoratet

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
03	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter	11 550	12 100	12 250	+150
04	Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter	463 545	1 600 100	1 874 754	+274 654
	Sum endringar				+274 804

Post 03 Reiseutgifter for flyktninger til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter

Løyvinga er på 12,1 mill. kroner.

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av auke i utgiftene på post 75, gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å auke løyvinga på post 03 med 150 000 kroner.

Post 04 Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter

Løyvinga er på 1 600,1 mill. kroner.

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av at fleire bur i mottak, gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å auke løyvinga på post 04 med 274,654 mill. kroner.

Kap. 2541 Dagpengar

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Dagpengar, <i>overslagsløyving</i>	4 375 600	10 500 000	9 700 000	-800 000

Post 70 Dagpengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2009 er på 10 500 mill. kroner.

Departementet anslår dagpengeutbetalingane i 2009 til om lag 9 700 mill. kroner med grunnlag i tal til og med september. Det er 800 mill. kroner lågare enn anslaget på løyvinga i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2009.

I lys av utviklinga i arbeidsløysa dei siste månadane, utbetalingane hittil i år og utsiktene på arbeidsmarknaden framover vil utbetalingane til dagpengar bli lågare enn tidlegare lagt til grunn.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga under post 70 med 800 mill. kroner til 9 700 mill. kroner.

Kap. 5705 Refusjon av dagpengar

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
01	Refusjon dagpengar, statsgaranti ved konkurs	22 129	45 000	52 000	+7 000
03	Refusjon dagpengar frå EØS-land	3 301	3 400	1 700	-1 700
	Sum endringar				+5 300

Post 01 Refusjon dagpengar, statsgaranti ved konkurs

Løyvinga for 2009 er på 45 mill. kroner.

Arbeids- og velferdsetaten forskotterer dagpenge til personar som blir omfatta av konkurs. Inntektene under denne posten er refusjon av dagpengar i samband med lønnsgaranti ved konkurs.

Tal frå SSB visar at det er vekst i talet på konkursar hittil i år samanlikna med same periode i fjor. På bakgrunn av dette gjer Arbeids- og inklude-

ringsdepartementet framlegg om å auke løyvinga under post 01 med 7 mill. kroner til 52 mill. kroner i 2009.

Post 03 Refusjon av dagpengar frå EØS-land

Løyvinga for 2009 er på 3,4 mill. kroner.

På bakgrunn av informasjon om refusjonar så langt i år gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å setje ned løyvinga under post 03 med 1,7 mill. kroner til 1,7 mill. kroner.

Kap. 2542 Statsgaranti for lønskrav ved konkurs m.v.

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Statsgaranti for lønskrav ved konkurs m.v., <i>overslagsløyving</i>	476 063	750 000	1 100 000	+350 000

Post 70 Statsgaranti for lønskrav ved konkurs m.v., overslagsløyving

Løyvinga for 2009 er på 750 mill. kroner.

Utbetalingane gjennom lønsgarantiordninga er sterkt konjunkturavhengig, og det er særleg talet på konkursar på landsbasis, talet på tilsette og lønsnivået for desse som påverkar den samla utbetalinga. Økonomien i det enkelte buet har også stor betydning for utbetalingane og moglegheitene for innkrevjing av dividende.

I dei første åtte månadane i 2009 blei 3 417 einingar slått konkurs, mot 2 117 konkursar i 2008. Dette er ein vekst på 61 pst. for denne perioden. Så langt er det ingen teikn til nedgang i talet på kon-

kursar. Ei auke i talet på konkursar vil føre til ei auke i talet på nye saker/bu til lønsgarantiordninga.

Utbetalingane gjennom lønsgarantiordninga i staten per august 2009 er 649 mill. kroner. Ugiftene viser ein jamn vekst månad for månad hittil i 2009. Dersom utgiftene held seg på same gjennomsnittlege nivå som for dei siste tre månadane vil dei samla utbetalingane bli om lag 1 100 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvinga under post 70 blir auka med 350 mill. kroner frå 750 mill. kroner til 1 100 mill. kroner i 2009.

Kap. 5704 Statsgaranti for lønskrav ved konkurs

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
02	Dividende	77 039	190 000	130 000	-60 000

Post 02 Dividende

Løyvinga for 2009 er på 190 mill. kroner.

Dividenden kan til ei viss grad sjåast i samanheng med endringane i utbetalingar og den generelle økonomiske situasjonen i bua. Innbetalingane relaterer seg både til inneverande og tidlegare års utbetalingar. Det er eit betydeleg etterslep i innkrevjing av dividenden i forhold til utbetalingane.

Som følgje av lågare utbetalingar til konkursbu i 2006 og 2007 og i 1. halvår 2008 blei det også eit fall i dividendeinnbetalingane, og i 2007 og 2008

blei det innbetalt dividende tilsvarende 103 og 77 mill. kroner.

Per august 2009 er det innbetalt 84,9 mill. kroner i samla dividende. Ved framskriving av dei månadlege innbetalingane så langt i 2009 vil det samla sett bli innbetalt omlag 130 mill. kroner.

Med bakgrunn i denne utviklinga gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om at løyvinga under post 02 blir redusert med 60 mill. kroner, frå 190 mill. kroner til 130 mill. kroner i 2009.

Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2008	Løyving 2009	Forslag 2009	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
72	Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i>	427 493	460 000	435 000	-25 000
73	Utdanningsstønad	55 424	57 000	56 000	-1 000
76	Forskottering av underhaldsbidrag	955 552	970 000	875 000	-95 000
Sum endringar					-121 000

Post 72 Stønad til barnetilsyn, overslagsløyving

Løyvinga for 2009 er 460 mill. kroner.

Nye tal for 2009 syner at det er færre mottakarar enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 72 med 25 mill. kroner.

Post 73 Utdanningsstønad

Løyvinga for 2009 er 57 mill. kroner. Nye tal for 2009 syner at det er færre mottakarar enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 73 med 1 mill. kroner.

Post 76 Forskottering av underhaldsbidrag

Løyvinga for 2009 er på 970 mill. kroner.

Utgiftene til forskot på tilskot til fostring i 2009 blir nå rekna til 875 mill. kroner, 95 mill. kroner lågare enn løyvinga for året. Årsaka er at talet på

barn med forskot ser ut til å bli lågare enn rekna med då løyvinga blei fastlagt.

